



VINJE KOMMUNE

Tenestetorget

Melding om vedtak

HYTTE-DRØM AS
Trommedalsjordet 2

3735-SKIEN

Delegert sak nr. 19/149

Sakshandsamar	Saksnr.	Løpenr.	Gnr/Bnr	Dato
KJELLNE	2019/1257	12951/2019	151/722	11.06.2019

151/722 - Eitt-trinn søknad - fritidsbustad

Løyve til tiltak, jf. plan- og bygningslova (plb) § 20-3.

TILTAK:	Nye bygg og anlegg - fritidsbustad
TILTAKETS ADRESSE:	Parkvegen, 3864 Rauland
EIGEDOM:	Gnr. 151 Bnr. 722 i Vinje kommune
ANSVARLEG SØKJAR:	HYTTE-DRØM AS
TILTAKSHAVAR:	HYTTE-DRØM AS
BRA (NS 3940):	1 et. 104,9m ² + 2 et. 34,4m ² = 139,3m ²
BYA (NS 3940):	124,9m ² + parkering 36m ² = 160,9m ²

VEDTAK

1. Bakgrunn/utgreiing av tiltaket er gjeve jf. pkt.1 med underpunkt i saksutgreiinga.
2. Ansvarsrett og godkjenning av føretak jf. pbl § 23-1 i samband med tiltaket jf. pkt. 2 med underpunkt i saksutgreiinga.
3. Søknaden vert godkjent på fylgjande vilkår jf. pkt. 3 med underpunkt i saksutgreiinga.

Særskilte vilkår som ikkje er oppgjeve i pkt. 3 i saksutgreiinga.

SAKSUTGREIING

1. Bakgrunn og beskriving

Referanse:

1.1 Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20160010 Vierli F12.

Grunnlag for handsaminga:

1.3 Søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-3 registrert 15.05.2019. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 08.04.2019, jf. saksmappenr. (jnr.) 2019/1257-4 med vedlegg.

1.4 Tiltaket gjeld ny frittstående fritidsbustad. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

1.5 Naboar er varsla 11.04.2019.

Det har kome inn merknad frå Per Åge Spartveit i e-post datert 11.04.2019.

Dei innkomne merknadane er vurdert. Tiltaket er funne å vera tilfredsstillande i samsvar med føresegnene gjeve etter reguleringsplan for området. Dei merknadane som Per Åge Spartveit har framsett synest å vera ivaretekne i reguleringsplanen. Merknadane vert såleis ikkje teke til fylgje i byggesaka.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjonen ser ut til å vera tilfredsstillande jf. pbl § 21-2.

2. Ansvarsrett og godkjenning

2.1 Oversikt over ansvarlege føretak som har erklæra ansvar, vedlegg nr. 10 - gjennomføringsplan.

Søkar(ane) ser ut til å ha oppfylt krav til godkjenning etter SAK 10 og pbl.

2.2 Erklæring om ansvarsrett frå føretak, mappe nr. 6, vedlegg nr. 5 - 7.

Søkar(ane) ser ut til å ha oppfylt krav til godkjenning etter SAK 10 og pbl.

Ansvar i samband med tiltaket jf. pbl § 23-4 og § 23-5

	Ansvarsbelagde område innafor prosjektering og ansvarleg søkar	Tilt. kl.	Føretak m/organisasjonsnummer		God kj.
SØK	Ansvarleg søkar	1	Hytte-Drøm AS	Orgnr: 920 572 871	
PRO	Grunnarbeid og landskapsutforming	1	Rauland Maskin AS	Orgnr: 988 416 053	S
PRO	Betong og tømrararbeid	1	Hytte-Drøm AS	Orgnr: 920 572 871	
PRO	Sanitær,- varme og slukke.instalaj.	1	Rørlegger Sivertsen AS	Orgnr: 913 206 754	

SØK = Ansvarleg søkar – PRO = Ansvarleg prosjekterande S = Sentral godkjenning L = lokal godkjenning
Ansvarleg søkar og ansvarleg prosjekterande sitt ansvar er gjeve i *Forskrift om byggesak* §12-2 og §12-3

Ansvar i samband med tiltaket jf. pbl § 23-6

	Ansvarsbelagde område innafor utføring av tiltaket	Tilt. kl.	Føretak m/organisasjonsnummer		God kj.
UTF	Grunnarbeid og landskapsutforming	1	Rauland Maskin AS	Orgnr: 988 416 053	S
UTF	Plasstøypte betongkonstruksjonar inkl. radontiltak	1	Hytte-Drøm AS	Orgnr: 920 572 871	
UTF	Tømrararbeid og montering av trekonstruksjonar	1	Hytte-Drøm AS	Orgnr: 920 572 871	
UTF	Sanitær,- varme og slukke.instalasjon.	1	Rørlegger Sivertsen AS	Orgnr: 913 206 754	

UTF = Ansvarleg utførande

S = Sentral godkjenning L = lokal godkjenning

Ansvarleg utførande sitt ansvar er gjeve i Forskrift om byggesak §12-4

3. Vilkår

- 3.1 Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i pbl og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17).
- 3.2 Utvendig skal ein bruke naturvenlege mørke jordfargar, ståande kraftig kledning over alt, også under vindauga og i gavlane, alternativt lafta tømmer.
- 3.3 Taktekking skal være torv.
- 3.4 Dersom hytta står på pålar må det setjast opp gjerde mellom desse, slik at ikkje sau og liknande dyr kjem under hytta.
- 3.5 Bygge- og riveavfall skal leverast godkjend avfallsdeponi.
Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK 17, kapittel 9 og i forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall (Avfallsforskrifta).
- 3.6 Ferdig støypt plate leggst på kote 993,8 moh.
- 3.7 Tilknytingsavgift (eingongsavgift) for vatn og kloakk blir rekna etter gjeldande satsar i kommunen, jf. *Føresegner for vatn- og kloakkaavgifter i kommunen*. I tråd med sanitærreglementet for Vinje kommune gjer ein utbygger særskilt merksam på tekniske føresegner med krav om minsteavstand frå nybygg til VA-leidningar på 4 meter, samt kravet til overhøgde på minimum 90 cm frå botnsluk til samleidning. Før tilkopling til både offentlege og private vatn- og avlaupsanlegg **skal** ein varsle avdeling for Teknisk drift og vedlikehald i Vinje kommune.
Der kommunen har eige overvassanlegg, skal ein knyte seg til dette. Forsvarleg handtering av overvatn er tiltakshavars ansvar.
- 3.8 Før tiltaket vert teke i bruk må det søkast om ferdigattest eller mellombels bruksløyve jf. pbl § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.
- 3.9 Om tiltaket ikkje er påbyrja innan 3 år eller vert innstilt for lengre enn 2 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort jf. pbl § 21-9.

3.10 Handsamingsgebyr blir rekna etter regulativ:

Lokal godkjenning av føretak:

Løyve til tiltak – BYA større enn 80 m² : 25.190,-

Arealgrunnlag: BRA/BYA = 139,3 m²/ 124,9 m².

Jf. Gebyrregulativ 01.07.2010 (sist oppdatert 01.01.2018) for byggesakshandsaming i kommunen. Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato. Faktura vert ettersendt.

3.11 Areal ein skal rekna tilknytingsavgift for: BRA = 139,3 m²

Orientering om renovasjonsordning og årlege kommunale avgifter vert ettersendt.

Konklusjon

Vilkåra etter pbl § 20-3 med dokumentasjonskrav etter pbl § 21-2 ser ut til å vere i orden, slik at ein kan gjeva løyve til tiltaket i samsvar med pbl § 21-4.

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i pbl. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Negarden
byggesakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Per Åge Spartveit